



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/1074	Løpenr: 19/9729
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	05.12.2019	070/2019

Faste saker

05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent utan merknader.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

Orientering om NAV-prosjektet "Snu i døra"

Einingsleiar ved NAV Samnanger, Magne Djuvik, orienterte om prosjektet.

Orienteringssaker:

Ingen saker.

Grunngjevne spørsmål:

Spørsmål om bebuarar på Samnangerheimen og tannhelseteneste

Gunn Totland Moss (KrF) hadde meldt inn eit grunngjeve spørsmål til møtet. Ho las opp spørsmålet. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at administrasjonen ikkje hadde motteke dette spørsmålet før møtet, men at ho ville prøva å koma tilbake til spørsmålet seinare i møtet. Rådmannen fekk i løpet av møtet informasjon frå einingsleiar pleie og omsorg, slik at ho kunne svara på det grunngjevne spørsmålet. Svaret vart lest opp for kommunestyret etter handsaminga av sak 075/2019.

Utvalet sitt kvarter:

Spørsmål om ansvar for innkalling av varamedlemmer

Bright Olav Gåsdaal (Ap) viste til at han hadde meldt frå til administrasjonen om at det ville vera behov for varamedlem for han frå kl. 16.00 dersom kommunestyremøtet ikkje var ferdig til då. Han sa at han hadde fått tilbakemelding frå administrasjonen om at han måtte ordna med varamedlem sjølv.

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at det er administrasjonen som har ansvar for å kalla inn varamedlemmer, ikkje medlemmen sjølv.

Barnevernsgransking

Jon Magne Bøgevik (Ap) viste til kommunestyret sitt vedtak 22.08.2019 i saka om gransking av barnevernssaker, og spurde om kvifor rapporten frå den siste delen av granskinga ikkje stod på saklista til kommunestyret 05.12.2019. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at årsaka til dette er at rapporten enno ikkje er ferdig, men at den truleg vert ferdig til det første ordinære møtet i kommunestyret i 2020.

Vintervedlikehald av kommunale vegar

Håvard Tvedterås (Frp) spurde viste til lokal avtale i kommunen om heimevaktordning for snøbrøyting/vintervedlikehald av kommunale vegar i perioden 15. desember - 25. mars. Han spurde om kvifor heimevaktordninga ikkje startar opp før 15. desember. Han viste i samband med dette til manglande brøyting av kommunale vegar søndag 08.12.2019. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at kommunen driv vintervedlikehald av kommunale vegar også utanom perioden 15. desember - 25. mars, og så langt som mogleg prøver å setja inn tiltak/ha beredskap når det er meldt snø.

Interpellasjonar:

Det var kome inn to interpellasjonar til møtet. Desse vart handsama etter sak 070/2019.

KS- 070/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Delegerte vedtak/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.